

Besøksheim

Kunne du tenkje deg å vere besøksheim for eit eller fleire born? Barneverntenesta i Skodje treng fleire besøksheimar, og ønskjer å kome i kontakt med familiar som kunne tenkje seg dette. Ta kontakt med Camilla Hildre eller Synnøve Solevågseide i barneverntenesta på telefon 70 24 40 00 for meir informasjon.

Har du ledig husvære?

Sosialtenesta har kontakt med fleire menneske som har behov for ein stad å bu.

Har du husvære som du kan tenke deg å leige ut, kontakt sosialtenesta ved Anne Marie eller Edith tlf 70 24 40 00. Alt av interesse.

Støttekontakt

Sosialtenesta søkjer etter støttekontakt for ein ungdom på 16 år, 8 timar pr. veke. Oppdraget kan eventuelt delast på to støttekontakter.

Ta kontakt med sosialtenesta v/ Marit eller Anne Marie på tlf. 70 24 40 00.



Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2007

Valdagen er sett til måndag 10. september.

Tid og stad for røysting

Brusdal krins	Brusdal skule	kl. 15 - 20
Engesetdal krins	Engeset skule	kl. 15 - 20
Glomset krin	Glomset skule	kl. 15 - 20
Skodje krins	Rådhuset	kl. 9 - 20
Stette krins	Stette skule	kl. 15 - 20
Valle krins	Valle skule	kl. 12 - 20
Mørkeset krins	Utvikbygda grendahus	kl. 15 - 20

Merk at vallokalet i Skodje sentrum er på rådhuset.

Legitimasjon

Nytt ved dette valet er at alle som vil røyste må legitimere seg. Pass, førarkort og bankkort er eksempel på legitimasjon som blir godkjent. Valkortet - som er utsendt til alle røysteføre - er ikkje gyldig legitimasjon.



Renovasjon

Dei som betaler redusert avgift med levering av avfall kvar 14. dag (raudt lokk) skal levere i veker med **partal**. T.d. veke 36, 38 etc.

Ny jordmor (vikar) ved helsesenteret

Jordmor Marianne Bakken Omvik er tilsett som vikar i 40% stilling frå 13. august 2007. Ho vil vere å treffe ved helsesenteret tysdag og torsdag frå kl. 8.30 -16.

Marianne Bakken Omvik bur på Blindheim i Ålesund kommune. Ho er 36 år, er gift og har tre barn. Ho var ferdig utdanna jordmor i 2000, og vore tilsett ved fødeavdelinga ved Ullevål

sykehus fram til sommaren 2005, og den siste tida ved Ålesund sjukehus. Tidlegare har ho arbeidd som sjukepleiar ved gastrokirurgisk avdeling på Aker sykehus og nyfødt-intensiv avdeling Ullevål sykehus. Ho er styremedlem i fylkesforeninga til Den Norske Jordmorforening.

TV-aksjonen «Sammen for barn» søndag 21. oktober

Årets aksjon er tildelt UNICEF Norge og skal gjennomførast i samarbeid med idretten.

Kan du tenke deg å gå med bøsse? Da er servicekontoret glad om du tek kontakt på telefon 70 24 40 00 eller på e-post postmottak@skodje.kommune.no så fort som råd.

**Sammen
for barn**

TV-aksjonen 21.okt

unicef  **NRK**
I SAMARBEID MED IDRETTE

Litt av kvart

Skatteoppgjeret 2006

Det ordinære skatteoppgjeret for inntektsåret 2006 vert lagt ut 12. oktober 2007. Dette gjeld både personlege skattytarar, næringsdrivande og aksjeselskap.

Personlege skattytarar / næringsdrivande (forskotsppliktige)

Skattytarar med tilgodebeløp vil få dette utbetalt i veke 42.

Restskatt forfell til betaling 2. november 2007. Dersom restskatten er over 1 000 kroner, vert 1. termin å betale innan 02.11. og 2. termin innan 07.12.2007.

Aksjeselskap (etterskotspliktige)

Beløp til gode vil verte utbetalt i veke 42/43.

Resterande skatt forfell til betaling 2. november 2007.

Til orientering

Restskatt og resterande skatt skal innbetalast til Skatteoppkrevjaren i Skodje, kto. 6345 06 15295. Betalinga skal ha eit KID-nr. – sjå www.skatteetaten.no.

Innbetalingsblankettane vert utsendt frå skatteoppkrevjaren i god tid før forfall.

Likningskontoret (tlf. 815 81745) kan svare på spørsmål som gjeld likninga. Skatteoppkrevjaren kan svare på spørsmål som gjeld avrekninga.

Skattelistingene vil vere offentleg tilgjengeleg frå 12. oktober og i tre veker framover.

Neste Kommunenytt

Neste Kommunenytt kjem ut ca. 7. desember. Frist for innlevering av stoff til dette nummeret er 29. november.

Gratis levering av avfall til Bingsa avfallsplass

Skodje kommune har inngått avtale med Ålesund kommune om levering av avfall til Bingsa avfallsplass.

Innbyggjarane i Skodje kommune kan levere avfall til Bingsa avfallsplass.

Opningstider:

Måndag, tysdag, onsdag og fredag: kl. 07.50 - 15.00

Torsdag kl. 07.50 - 18.00 (Torsdag ettermiddag kan det vere kø)

Laurdag kl. 08.30 - 13.00

Eksempel på avfall:

Kasserte møblar og anna inventar, kjøleskap, frysarar, komfyrar, behandla trevirke, plastprodukt, PCB-haldige isolerglasruter, jern- og metallgjenstandar, trykkimpregnerte materialar etc.

Mengdene er avgrensa til det som kan leverast

av vanleg personbil med og utan tilhengar, og varebil til og med klasse B.


Avfallet skal leverast på den betjente miljøstasjonen og eigensortert i container og / eller på anviste plassar.

Levering kan skje utan direkte betaling, men den som leverer må kvittere med namn og adresse. Skodje kommune får faktura ein gong pr månad.

Ein vil minne om at EE-avfall kan leverast gratis hos forhandlar av same type produkt som skal kasserast.

Dette tilbudet er i tillegg til den årlege lofts- og kjellarryddinga.

For meir informasjon, ta kontakt med teknisk avdeling v/ Magnar Kvalvik, tlf. 70 24 40 43 / 915 37277.



"Kommunenytt" er utgitt av Skodje kommune, og blir distribuert til: Alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, kommunale avdelingar og Ålesundsregionens utviklingskontor. Redaksjon og layout: Knut Berg. Ansvarleg redaktør: rådmann Kjell Bjørdal.



SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35
postmottak@skodje.kommune.no | www.skodje.kommune.no